

Kjære sambygding!

Då nærma jula seg med stormskritt og det er på tide og oppsummere dei siste to månadene i året.

NOVEMBER:



Tidleg november fekk eg besøk av Nynorskstafetten med både lokale og regionale representantar. Gol kommune er ei nynorskkommune og er såleis medlem i Landssamanslutninga for nynorskkommunar. Det er også difor eg prøvar å skrive så mykje som mogleg på nynorsk! Me hadde i alle fall ein god prat og hamna fort inn på emne dialekt. For det er trist å seie det, men det er sant: færre og færre svallar halling. MEN dette kan det vera at me får til eit samarbeid om, og eg vonar eg både kan engasjere mållaget og Regionrådet til å bidra til å setja halling på dagsorden 😊



Eg tok meg også ein tur til hovudstaden for å delta på landsstyremøte i KS. KS har eg tidlegare nemnd men er altså hovudorganisasjonen for oss som kommunar. Me behandlar saker i alle kommunars interesse, uansett farge, størrelse eller omfang. Dette landsstyre brukte me mellom anna til å vedta ei uttale vedrørande statsbudsjettet. I dette fora er det viktig at eg talar Gol, Hallingdal OG Buskerud sine saker me har til felles som kommunar.

Etter å ha kome heim vart det klart for opning av ny rundkøyring på Gol. Det var ei kald affære men utruleg imponerande å kunne opne og samstundes avslutte ei slikt prosjekt så langt føre tida skulle vore omme. Flott arbeid, gode samarbeid og nye områder som kan realiserast – det treng Gol.

Gjennom hausten og spesielt i november vart Hallingdølen fylt med artiklar kring Kommunerevisjonen IKS som er eit interkommunalt selskap som alle kommunane i Hallingdal og Valdres eig ilag. Selskapet sitt føremål er å føre tilsyn og kontroll på bestilling av kommunens eige kontrollutval som er valt av kommunestyret. Det fyra verkeleg laus når Hol og Flå flagga sitt vedtak om utmelding og det har vore mykje kritikk, både til Kommunerevisjonen IKS ved blant anna dagleg leiar og styret, samt mot kommunane som har meldt seg ut eller som har teke opp spørsmålet rundt eigarskap. Eg kjem ikkje her med nokre etterpåkloke ord, men vel heller å sjå framover og fokusera på kva som bør, og i nokre tilfelle må til, for å gå vidare. Det er kommunestyret i Gol som sit med avgjerdsla kollektivt.



I november var eg også invitert til det som har vorte den årlege ruskonferansa i Hemsedal. Eit flott initiativ til eit viktig tema. Konferansa tek for seg brukarperspektivet, noko som krev utruleg mykje av dei som delar sine erfaringar – ei stor takk til dei alle! For framtida trur eg det er viktig at me også set brukarperspektivet saman med tenesta slik at me i lag kan finne dei beste teneste. Men ein ting skal være sikkert, problemstillingane og vegen inn eller ut or rus er like mange som dei som sit i situasjonen.

Her treng ei teneste som ser enkeltindividet og som på best mogleg måte får utnytta den ressursen dei som sit i situasjonen bær på. Takk for ein interessant dag!

Eit besøk hjå Klara's familiebarnehage var også på sin plass etter to år i ordførarstolen for å veta meir om det tilbodet dei tilsette der gir til barnehageborn. Takk for ein fin dag saman med borna!

Og eit besøk hjå Hallingdal Folkehøgskule var noko eg verkeleg såg fram til. Eg kjenner godt folkehøgskulen, men i det daglege så er det fort å gløyme kva som føregår der oppe 24/7 i skuleåret. Det er utruleg mange flotte ungdommar som vel å ta eit år her, på Gol, for å læra noko nytt, utnytte den fantastiske naturen eller som nyttar andre aktivitetar som me tilbyr i Gol. Både rektor og eg var einige om at det er viktig å ha eit tett samarbeid, kanskje tettare enn det som har vore fram til no, både fordi nokre av ungdommane treng eller nyttar kommunale teneste ofte eller ved nokre høver og fordi det visar seg at Hallingdal Folkehøgskule er ein aldri så liten rekrutteringsbedrift for Gol-samfunnet der fleire vel å koma attende og nokre vel også å busetja seg her! Takk for ei god prat!



Nokre andre ungdommar eg prøver å hengje meg på er ungdommane som er engasjerte i MOT-arbeidet ved skulen. MOT er eit program som utviklar ungdommane våre til å verta meir robuste samtidig som dei lærar seg kor viktig det er å være inkluderande. Dei styrkar ungdommen og gjer dei meir bevisste og det er særleg tre hovudområder dei peilar seg inn på; mot til å leve, mot til å bry seg og mot til å si nei! Nokre av ungdommane må gå foran og er derfor på kursing for å bli ung MOTivator og denne samling fekk eg være med

på, også i år. Her er det ungdom frå nesten alle kommunane som verkeleg byr på seg sjølv. Tusen takk for invitasjonen!

På Regionrådets møte i november hadde me blant anna besøk av Buskerud Idrettskrets som kom å fortalde, men og inspirerte oss, om aktive lokalsamfunn. Her gjer me mykje bra, men det er tydeleg at me i samarbeid med idretten kan gjera så mykje meir! Eg tek med meg masse inspirasjon heimatt til Gol hvertfall! For øvrige sakar kan du gå inn på regionraadet.no

Julegateopninga på Gol vart ein fest utan like, heile helga. Med julemarknad på samfunnshuset og kanefart mellom samfunnshuset og sentrum vart det verkeleg julestemning. Og stemninga steig ytterlegare når det vart arrangert fakkeltog og julegrantenning i parken! Takk for ei julete helg, og GOL JUL til alle 😊



Som tidlegare år var eg i år invitert att te Kartellkonferansa på Pers Hotell for å ynskje deltakarane velkommen til Gol. Og eg nytta då sjansen både til å promotere vårt fantastiske og julepynta sentrum samt dei nye satsingane våre med arkitektonisk og kunstprega skule og fleirbrukshall. Ei tradisjon har det vorte og det høyrer fint til slik oppunder jul!



Tusen takk til Gol Ungdomsråd og Martin Kilmark ved Gol Idrettsarena som for fyrste gong i år arrangerte Open Hall i den nye fleirbrukshallen!

Det var på eit tidspunkt heile 80 ungdommar innom, og det var utruleg flott å sjå koss dei fekk utfolde seg i alt frå klatring, gymnastikk, ballspel, videospel og mykje mykje meir i den flotte hallen vår. Dette var verkeleg eit vellukka tiltak som eg vonar vil bli oftare og fast. Det er tydeleg at ungdommen ynskjer seg denne uorganiserte aktiviteten og at den famnar breitt. Flott Gol Ungdomsråd☺

Dei siste dagane i november var brukt til å gjennomføre ei synfaring samt ei orientering for representantar frå Kokeide, skula i Bergen som vurderer ei etablering her i Hallingdal. Då dei kom til Gol stod me klare til å ta imot dei med opne armar i Gol Idrettsarena. Der fekk dei både informasjon og ein aldri så liten filmsnutt som skulle setja dei inn i kva Gol er og kva Gol kan tilby både elevar og tilsette ved ei ny skule i Hallingdal. Dag to reiste me på ei synfaring og me valde å vise bort Gol gamle skule samt Glitrehaug. Attendemeldingane var at Hallingdal total sett hadde vist seg å by på mange moglegheitane men dei kunne ikkje gå inn på noko meir spesifikt enn det på dette tidspunktet. Me ventar i spenning, og



kjem til å vera klare så fort dei tek kontakt att når dei har fått tenkt seg om☺

DESEMBER:

Månaden starta med ei strategisamling for interesseselskapet for RV 52 der me gjorde ei oppsummering og diskuterte vegen vidare no etter at Nasjonal Transportplan er vedteken og i gang. Her vil det koma fleire spørsmål relatert til veg som politkarane i Gol må ta stilling til i framtida.

Ei av dei viktigaste tinga me som kommune gjer er å sikre at når det skjer ulykker så er me beredt til å handtere dette på ein god måte. Derfor øva me, fleire gonger, både etatar kvar for oss og saman. Tidleg desember hadde me ei stor samhandlingsøving på Storefjell på Gol. Alle dei seks kommunane var representert samt politi, brann og førstehjelpsapparatet. Dette var ei god men mest av alt viktig øving og me ynskjer å få til slike øvingar oftare, men det krev mykje av alle etatar.

Årets siste kommunestyremøte gjekk av stabelen 12 desember og var nok litt annleis enn det me er vant te. I år vart budsjettprosessen forstyrra av fleire uforutsette hendingar undervegs i haust som gjorde til at me måtte gjera ting på ein litt anna måte. Ein kan si det slik; kommunebudsjettet er delt inn i tre. Investeringar, nye tiltak og innsparingstiltak. To av desse tre delane behandla me 12 desember, nemleg investeringar og nye tiltak, mens innsparingstiltaka får me att som eige sak i januar møterunden. Grunnen til det var at Gol kommune skulle spare ytterlegare 9 millionar enn dei 4,6 som administrasjonen alt hadde forslag om i sitt budsjettforslag i siste møterunde. 9 millionar kan ein ikkje finne over bordet i siste møterunde, det krevjast meir arbeid å få det til. Samtidig ville politkarane sitti i ein situasjon der dei gjorde vedtak utan å ha drøfta det med sine grupper eller partimedlemmer. Difor vart det altså slik i år, og innsparingane blir behandla i januar.



I eit anna ærend fekk eg tilfeldigvis med meg ei viktig og gledeleg nyheit. Frivillighetsprisen i år gjekk til Hans Eidsgård og dette vart feira på Frivilligsentralen nettopp den dagen eg gjekk innom der i eit anna ærend. Men det er på sin plass og gratulera deg Hans for ein utruleg innsats gjennom mange år for lokalsamfunnet. Ei flott omtale fekk du også i Hallingdølen tidleg i desember for det arbeidet du har lagt ned i utkøyring av mat til heimebuande. Tusen takk for ein fantastisk innsats, og vonar du fortsett og ser på dette som ein inspirasjon og motivasjon til å delta framover 😊



I dag står det to ting att på agendaen som eg må få gjort før jul:

1. Delta på markeringa av prosjektet Sterk og Stødig – meir omtale kjem etter jul!
2. Dele ut julekurvar saman med rådmannen til alle dei tilsette i Gol kommune som takk for innsatsen i 2017 og med ynskje om ei God Jul og eit Godt Nytt År!

Og begge delar gjer eg med glede som så mykje anna eg får lov til å gjera i jobben min!

Med denne oppsummeringa vil eg ynskje alle ei riktig god jul, må julefreden senke seg i alle hus og heimar i Gol og må alle få ein fantastisk start på året 2018 med ei triveleg nyttårsfeiring! Eg går inn i juletida med takksamheit og motivasjon til det nye året – GOD JUL!

